

Vil du synge i lag med Caledonia jazzband?



Frå venstre: Carl Petter Opsahl, Anders Aarum, Eyvind Ellingsen, Bjørn Olufsen, Eystein Husebye, Christian Frank.

I april 2026 har vi invitert Caledonia jazzband til Valdres att. Sidan 2007 har dei vore 10 gongar i Valdres og hatt konsertar i lag med koret.

Det ein fest å få samarbeide med desse dyktige muskarane, og vi synest vi er heldige kvar gong Caledonia kjem på gjesting. Den gledesfylte, improviserande musikken gjer alltid inntrykk, og eit begeistra publikum let seg rive med under konsertane.

Det einaste som er endå betre enn å lytte til konserten, er sjølvsagt å delta sjølv.

No har du sjansen til å vere med på ei verkeleg flott musikalsk oppleving: Vi startar innøvinga av konsertprogrammet i slutten av januar 2026.

Du kan vere med på dette konsertprosjektet utan å melde deg inn i koret, og betalar då berre 200 kr for notehefte og øvingsfilar.

Denne sjansen må du ikkje gå glipp av!

I Slidre øver koret tysdagar kl. 19 – 21.30, i Bagn onsdagar til same tid.

Du kan rett og slett møte opp på ei øving, eller kontakte:

- Torleif Ringsaker, leiar i Vestre Slidre sanglag, 9083 9894
- Cor Ensink, leiar i Sør-Aurdalkoret, 9117 3745
- Jan Henrik Bakke, dirigent, 9931 7645

Sør-Aurdalkoret Vestre Slidre sanglag

Caledonia jazzband



Slidredomen
laurdag 18. april kl. 18

Begnadalen kirke
søndag 19. april kl. 18

Sangen om gleden

